

Sigrid Øyre hagen med ny stor separatutstilling.

25.11.2015



Sigrid Øyre hagen saman med kunstnarektemannen Tom Gundersen og Gøril Guddal under utstillingsopninga i Guddal i sommar.

**Mange hugsar nok med glede tilbake til Sigrid Øyre hagen og ektemannen Tom Gundersen sine flotte utstillingar i Galleri G Guddal i sommar. Der var mange av motiva til Sigrid frå baroniet og Kvinnherad elles. I morgen opnar ho ei ny stor utstilling på Galleri Norske Grafikere i Oslo. Den vil stå fram til 20.desember.**

Norske grafikere som vart stifta av Edvard Munch i 1919, er svært glade for å kunna invitera til denne utstillinga med den flotte kunstnaren vår, Sigrid Øyre hagen. Kunstnaren har gjeve utstillinga tittelen **Destruksjon og Skapelse**.

Ved opninga av utstillinga vert det klassisk sang av Mari Øyre hagen.


- Med denne utstillinga presenterer Sigrid Øyre hagen ei rekke grafikk-collagar: collage-arbeid sett saman av grafiske trykk. Grunnmaterialet er Sigrid sine eigne grafiske blad, trykt av ho sjølv – det originale og handlaga er eit viktig premiss for Øyre hagen, heiter det mellom anna i omtalen frå Norske grafikere.

I utstillinga vert det presentert både eldre og nyare grafikk-collagar. Det er imponerande å sjå kva stemningar kunstnaren skaper med den krevjande og personlege teknikken sin. Som ein smakebit tar vi med foto av nokre kunstverk.





Dukken.



Grøn måne.



Nytt hus.

Tekst, foto og nett: Thor Inge Døssland.  
Foto av kunstverk: Sigrid Øyre hagen